



ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2004

Godkjend i årsmøtet 31.3.05.

ÅRSMØTET I 2004

Årsmøtet vart halde i Osterøytunet 31.3.04.

MEDLEMSMØTE

25.5.04 hadde me medlemsmøte hjå **Mjelstad Miljø AS** med omvising og orientering om **biogass- og biobrenselplanane** til **Osterøy Energi AS**. **Ventelo** oreinterte om telefoniavtalen som var inngått med Industrielaget.

28.9.04 hadde me medlemsmøte hjå **Lonevåg Beslagfabrikk AS** med omvising. På møtet vart det også orientert om **skattefunnordninga** og **ordførar Kari Aakre** la fram tankar om næringsutviklingsarbeid, m.a. i Bergensregionen.

3 STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte (25.5.04, 17.8.04 og 2.2.05) som har handsama 29 saker. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestleiar.

VEGSAKER

Industrielaget har også i 2004 arbeidd aktivt for å betre vegstandarden på Osterøy. Formannen har også denne perioden lagt ned eit vesentleg arbeid med oppfølging av fleire vegsaker.

Me lukkast med å få Statens vegvesen til å utbetre endå eit parti på **Gatland** med ein utstikkande fjellknaus på **rv 567** mellom

Hosanger og Fotlandsvåg kombinert med at massane vert nytta til eit første byggjestege på omlegging av **Litlandsvingane** ved Bysheim, også rv 567. Her gjorde Statens vegvesen og Osterøy kommune ein god jobb med planarbeidet for fjerning av Litlandsvingane. Desse arbeida går fullt ut for Statens vegvesen si rekning. Anbudet som vart lyst ut i 2004 for dette arbeidet, var kombinert med vegutbetringar mellom Hauge og Hjellvik. Dette er eit spleiselag mellom Statens vegvesen, Kompensasjonsstyret og Osterøy kommune. Desse arbeida starta opp vinteren 2005.

Også i 2004 har arbeid for **ny rv 567 mellom Hauge og Lonevåg** hatt høg prioritet, m.a. både overfor kommunen sin vegkomité, overfor Statens vegvesen og overfor politikarar (både lokalt, fylke og storting). Kompensasjonsstyret har stilt 8 mill kr til rådvelde for prosjektet. Desse midlane kan ha vore utløysande for at prosjektet kom med i Statens vegvesen sitt framlegg til handlingsprogram for nasjonal transportplan som vart framlagt 1.2.05. Oppstart er sett til 2008, men kan framskundast med hjelp av kompensasjonsmidlane. Det har lokalt vore gjort eit godt politisk arbeid i og med at handlingsprogrammet ikkje er basert på auke i lokal bompengefinansiering på 65 mill kr av totalt 140 mill kr. Sjølv om ikkje alle formalitetar er på plass endå, må dette kunne reknast som eit gjennombrøt for prosjektet.

MANGLANDE BARVEGSSTRATEGI

Me arbeidde i 2003 mykje med saka om for dårleg vintervedlikehald mellom Lonevåg og Tysse og mellom Lonevåg og Flatevad. I februar 04 sende me klage til Vegdirektoratet. Inga respons. Me purra på forsommaren. Inga respons. Me klaga til samferdselsministeren på ettersommaren og fekk rask tilbakemelding; Vegdirektoratet fekk pålegg om å svare. Men framleis inga respons. Etter munnleg purring, også ved hjelp av Bygdnytt, fekk me eit liteseiande svar i desember (rett nok datert 7.6.04). Men realiteten vert frå hausten 05 ikkje så aller verst. Statens vegvesen Region vest har fått aksept for ein mellomklasse mellom ”barveg” og ”vinterveg”; ”salting i overgangsperiodar”. Dette vil gjelde alle hovudvegane. Me gjer ikkje noko meir med saka før me ser korleis dette fungerer.

STRAUMBROT

I 2003 var det svært hyppige straumbrot. Me tok saka opp med BKK Nett AS utan resultat. Men etter at me klaga inn for NVE, har situasjonen betra seg vesentleg og me har fått svært få rapportar om problem i 2005.

KOMPENSASJONSMIDLAR FOR AUKA ARBEIDSGJEVARAVGIFT

Formannen er leiar for kompensasjonsstyret. Nestformannen er medlem i kompensasjonsstyret.

Også i 2005 har me lagt ned mykje arbeid i å få fullført ”full kompensasjon” som skulle vore på vel 30 mill kr til utgangen av 2003, men som berre vart på ca 15 mill kr. Me har hatt fleire storingspolitikarar på vitjing, Formannen, sekretæren, ordføraren og rådmannen stilte på nettverksmøte i Oslo våren 04 for dei 14 kommunane som fekk auka avgift i 2000 og for ca 100 kommunar som fekk auka avgift frå 2004. Formannen og sekretæren deltok aktiv på møte i Bergen i september med Hordalandsbenken i regi av Bedriftsforbundet.

Men sjølv om dei fleste av dei stortingspolitikarane me har snakka med/ har

hatt på vitjing, var sentrale i budsjettforliket før jul 04, oppnådde me ikkje noko.

Me er ikkje nøgde med arbeidet i arbeidsgruppa for dei 14 kommunane og alliansen med nettverket for dei ca 100 kommunane har heller ikkje gitt resultat. Formannen, sekretæren og ordføraren deltok ved oppsummeringsmøtet for dei 14 kommunane i Bergen før jul 04.

KOMMUNEDELPLANEN FOR HAUGE

På forsommaren la Osterøy kommune ut eit framlegg til kommunedelplan for Hauge. Framlegget var svært skuffande. Industriområdet i Settlia som har vore i kommuneplanen i snart 10 år og der det finst interessert utbyggjar, var utan varsel fjerna i 12. time og erstatta med stort sett ubrukande areal (Gloppemyra). Industriområdet på Haugemyrane vert omklassifisert til nærings- og sentrumsareal Vidare var fleire av dei tema me hadde gjort framlegg om å drøfte, ikkje arbeidd med; struktur for kollektivtrafikken/bussterminalar, fjernvarmenett, breibandkommunikasjon og bruk av tunnelmassane frå bygging av ny veg Hauge-Lonevåg.

Me har gitt fylldig høyringsuttale, har utarbeidd kart- og biletmateriale og har hatt møte med ordføraren m.fl.

Det er pr medio mars 05 ikkje avklart om det i praksis vert mogeleg med vidare industri- og næringsutbygging i Haugeområdet som sidan 1970-talet har vore utpeikt som hovudsatsingsområde for næringsutvikling på Osterøy.

PROSJEKT ”NYSKAPING I SMÅBEDRIFTSMILJØ”

Prosjektet som starta våren 01 med eit budsjett på 1,8 mill kr, vart avslutta i oktober 04 på eit seminar der Nordlandsforskning presenterte sine evalueringsresultat og der landbruksminister Lars Sponheim motiverte for vidare nyskaping. Nordlandsforskning konkluderte med at måla med prosjektet vart oppnådde. Nestformannen representerte Industrilaget i prosjektstyret. Osterøy Utvikling har vore prosjektansvarleg. Industrikonsulenten har vore prosjektleiar.

Evalueringsrapporten frå Nordlandsforskning og sluttrapporten frå prosjektarbeidet er tilgjengeleg på www.osteroyindustri.no/indkons .

BREIBANDSAMBAND

Me har arbeidd vidare for eit breibandtilbod til alle bedriftene på Osterøy. I tillegg til **BKK Bredbånd AS** sitt tilbod i Lonevåg og **BGNett** sitt tilbod i Valestrandsområdet, vart det i 04 tilgjengeleg XDSL-tilbod i Lonevåg. Etter at dugnadstiltaket **Breibandslaget** etablerte radiobasert tilbod i Haus, kom både **Telenor** og **BKK Bredbånd** på banen også der. Seinhaustes 04 klarte me å få eit tilbod frå Telenor om breibanddekning med XDSL i Hosanger og Fotlandsvåg. Men dei forlangte heilt uakseptabel medverknad både på investeringssida og garanti for abonnentar. Lokalt vart det arbeidd med å få eit tilbod frå **Nettstar AS** som har tilbod i Nordhordland. Like før jul lukkast det å få nok abonnentar i Hosanger og det vert arbeidd med eit tilbod i Fotlandsvåg. Ei radiobasert løysing i Hosanger kom i drift i februar 05. Det vert arbeidd vidare med løysing for Fotlandsvåg. Den umiddelbare responsen frå Telenor var offentleggjing av opning av XSDL-tilbod i Hosanger i juni 05 og antydning om Fotlandsvåg.

I samband med budsjetthandsaminga vedtok **Osterøy heradsstyre** å byggje ut **fiberbasert breiband** mellom Tysse, Lonevåg, Valestrand og Haus som og er tenkt tilgjengeleg for næringsliv og private. Styret har utpeikt leiaren og sekretæren som kontaktpersonar.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 35.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett. Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsssamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutvikling og

mottok vel 255.000 kr for dette i 04. I 2004 fekk Osterfjord Næringsssamarbeid også til rådvelde via fylkeskommunen 459.000 kr til regionalt næringsfond. Sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsssamarbeid går på omgang og i 2005 og 06 har Industrikonsulenten sekretariatet.

SKULE/NÆRINGS- LIVS- SAMARBEID

Sekretæren har delteke i eit fast samarbeidsorgan skule/næringsliv. Dette kontaktutvalet skipar m.a. til **utdanningsmessa** der også sist haust fleire av våre medlemmer deltok aktivt. Dekking av leige av Osterøyhallen går på omgang mellom dei 4 tilskiparane av messa; hausten 04 var dette Industrilaget.

Med unnatak av utdanningsmessa, er det oppnådd så lite i ”kontaktutvalet” at Industrilaget/ Industrikonsulenten trekte seg frå sjølve utvalet på forsommaren 04. Eit næringsutval i Osterøy KrF har engasjert seg i mogeleg CNC-utdanning ved Osterøy vidaregåande skule og i bygging av ny vidaregåande skule på Hatland. Frå Industrilaget sin side har me støtta opp under dette ved fleire høve og sakene er kome inn i positive spor.

ANDRE SAKER

Etter initiativ frå og i samarbeid med Osterøy KrF hadde me **fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg** på synfaring 8.5.04. Me hadde serleg fokus på ny veg Hauge-Lonevåg og på bioenergi (Osterøy Energi AS, Mjelstad Miljø AS og Nye Osterøy Miljø AS).

Me sende i mars 04 støtteerklæring i samband med **Nye Osterøy Miljø AS** sin søknad om prøvebehandling av nye avfallstypar i **gassifiseringsanlegget**. Etter at avslag kom 23.12.04 og etter verksemda sitt forsøk på å SFT til å snu, sende me 22.2.05 brev til miljøvernministeren og næringsministeren med oppmoding om å kome på synfaring. Dette fekk oppslag både i lokalavisene, BT og NRK Hordaland. Me har og brukt våre politiske kontaktar, m.a.

Osterøy KrF, fylkesordføraren, stortingsrepresentant Ingebrigt Sørfohn med fleire. Møte med miljøvernministeren ser no ut til å kome i stand.

Rådmannen har ved fleire høve invitert til møte om **kommunen sine planar/prosjekt innan næringsutvikling**, men rådmannen har problem med å finne dato. Me har i fleire år freista å få til eit opplegg med **bedriftsbesøk for heradsstyrerepresentantane**. 13.4.05 vert det temamøte i heradsstyret om næringsutvikling og Industrilaget har teke på seg å stå for ei synfaring om føremiddagen.

Me har inngått **rammeavtale om teletenester** (fast telefon og mobiltelefoni) med **Ventelo**. Mange medlemmer nyttar seg av avtalen. Laget har ikkje noko form for provisjon; alle fordelar skal komme medlemmene til gode. Det er 2 år bindingstid. Dette har me fått lagt opp slik at alle bindingar går ut samstundes, slik at me på våren 06 kan tinge om nye rammeavtalar.

Me har gitt uttale i samband med framlegg til lokal forskrift om tilsyn med innehavar av **næringsavfall**. Oppmodinga var å lage mindre byråkrati enn det det var lagt opp til.

Formannen og sekretæren møtte på møte i regi av Osterøy kommune om **kommunestruktur/samanslåingar**.

Styret har drøfta korleis me meiner **oppsparte midlar i Osterøy Utvikling** bør brukast etter avviklinga pr 1.4.05.

Styret har drøfta ulike sider ved innføring av **Autopass** på Osterøybrua.

Styret har teke initiativ til ein **studietur til Litauen**. Tor Georg Hella har utarbeidd eit spennande opplegg i slutten av mai 05, m.a. vitjing hjå avleggar etter tidlegare medlem i Industrilaget; Svenheim Møbelfabrikk. Sopass mange interesserte har meldt seg at det vert arbeidd vidare med turopplegget.

Heimesidene: www.osteroyindustrilag.no, har framleis eit enkelt design. Dette vil verte forbetra.

Me har over fleire år arbeidd for at **skattefunnordninga** skal verte gjeldande for eigaren sin arbeidsinnsats i enkeltpersonføretak og ansvarlege selskap. Dette vert gjennomført i 2005.

Me har i meldeperioden hatt eit aktivt samspel med **lokalpressa** og mange av våre saker har hatt god dekning.

E-post er no ein av dei viktigaste kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 20 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Nye medlemmer: Rasken Transport AS, Bergen Nordhordland Rutelag AS og Osterøy Transport AS. M Birkelid Karosseriverksted har meldt seg ut då verksemda vert avvikla/ vidareført av nytt selskap.

Industrilaget har **37** (35 i 2003) **medlemsverksemdar** med ca **830** (825 i 2003) **tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Lars Magne Bysheim (på val)
Eimund Øvsthus
Tor Georg Hella
Kjell Lerøy (på val)
Arne Hansen (på val)

Varamedlemmer:

Kjell Rune Birkaas (på val)
Johan Solberg (på val)
Arnbjørn Vevle (på val)

Styringsutvalet for Industrikonsulentene:

Lars Magne Bysheim, formann
(Formannen i Industrilagsstyret er formann her)

Svein A Skulstad (på val)
Willy Helgesen

Varafolk:

Kari Foseid Aakre
Jostein Jacobsen
(for Svein A Skulstad) (på val)

Jorunn Jacobsen
(for Willy Helgesen)

Revisor: Norodd Helle (på val)